



Arkivnr: 2015/12714-6  
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.01.2017

## Fullmakter på kultur- og idrettsområdet i 2017

### Samandrag

I starten av eit nytt år legg fylkesrådmannen fram sak om fullmakter på kultur- og idrettsfeltet. Det vert i denne saka gjort framlegg om delegasjon til fordeling av midlar på nokre budsjettpostar knytt til idrett og friluftsliv.

### Forslag til vedtak

Forslag om delegasjon til fylkesrådmannen omfattar følgjande postar i budsjettet:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar 400.410, 400.420 og 400.450:

1. Post 400.410:
  1. Fylkespremiar kr 50.000
  2. Campus Bergen kr 2 mill
  3. Prosjekt spelemidlar kr 400.000
  4. Medfinansiering til kommunar ved bygging av fleirbrukshall kr 4 mill
2. Post 400.420:
  1. Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 500.000
  2. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar kr 233.000
3. Post 400.450:
  1. Tilskot til merking og gradering av turløyper kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen kr 1.100.000, til saman kr 1.880.000 til fordeling.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 05.01.2017

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram innstilling om at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskota i følgjande postar:

#### **Post 400.410**

##### **1. Fylkespremiar**

Arrangement i regi av Norges Idrettsforbund, Det frivillige skyttarvesen og/eller underliggjande organisasjonsledd kan søke Hordaland fylkeskommune om premiering til nasjonale og internasjonale meisterskap på seniornivå og til yngre klassar. Premiane er sølvpokal og kunstverk med idrettsmotiv. Det kan søkast om fylkespremiar gjennom heile året.

Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele fylkespremiar.

##### **2. Campus Bergen**

Fylkestinget vedtok 13. desember 2016 å setje av kr 2 mill. til «Campus Bergen».

I sak 103/2016 vedtok Fylkestinget vidare arbeid med Idrettscampus Bergen i 2017 og 2018, og at fylkesordføraren vart oppnemnd som representant i styringsgruppa for arbeidet. I tillegg til fylkeskommunen er Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Bergen kommune og Haukeland Universitetssjukehus representert i styringsgruppa.

Føremålet med Idrettscampus Bergen er å styrkje arbeidet med idrett og fysisk aktivitet i Hordaland, mellom anna ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Partane har som mål å skape eit kraftsenter for Hordalandsidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal mellom anna leggjast til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper.

Løyvinga på kr 2 mill. er del av eit spleiselag og skal sikra god framdrift i prosjektet. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev styringsgruppa for Idrettscampus Bergen fullmakt til å disponere kr 2 mill. til arbeidet med Campus Bergen. Fylkesrådmannen legg fram referatsak i løpet av 2017 til fylkestinget om status i arbeidet med Idrettscampus Bergen.

##### **3. Prosjekt spelemidlar**

Fylkestinget 13. desember 2016 løyvde kr 400.000 til «Prosjekt, stillingsressurs til bistand for søknad av spelemidlar. Prosjektet skal medverka til at fleire lag og organisasjonar søkjer om støtte gjennom ordninga «spelemidlar Norsk Tipping». Det skal utpeikast ein medarbeidar som får ansvar for arbeidet med rettleiing og utforming av søknader.»

Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å konkretisere arbeidsoppgåvene og vurdere tilsetting av ein person i ei prosjektstilling.

##### **4. Medfinansiering til kommunar ved bygging av fleirbrukshall**

Fylkestinget vedtok 13. desember 2016 å løyve kr 4 mill. til medfinansiering til kommunar ved bygging av fleirbrukshall.

I Regional kulturplan 2015-2025 står det at «idrettshallar gjev varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitetar». «For å sikre ei god ressursutnytting bør nye idrettshallar plasserast sentralt og vere knytt til skular». I tillegg til organisert og eigenorganiserte idrettsaktivitetar fungerer også idrettshallane som ein viktig møteplass for kommunen sine innbyggjarar innan eit breidt kulturfelt. Kulturplanen seier vidare at i «planperioden vil Bergen kommune, andre presskommunar og kommunar som ikkje har idrettshall verte prioriterte for tilskot frå spelemidlane».

Hordaland fylkeskommune har tidlegare gjeve investeringstilskot til bygging av idrettshallar i kommunar utan vidaregåande skule. Dette gjeld kommunane Fedje, Vaksdal, Ullensvang og Tysnes som har fått omlag kr 2 mill. i investeringstilskot (m.a. frå konsesjonskraftsmidlar) til sine idrettshallar. 6 kommunar i Hordaland har per 2017 ikkje idrettshall; Fusa, Samnanger, Granvin, Masfjorden, Øygarden og Jondal. Ulvik herad opna sin idrettshall i september 2016 og Ullensvang herad har plan om å opne sin idrettshall i februar 2017.

Fusa kommune søkte i brev av 20.10 2015 og 10.06 2016 om fylkeskommunal medverknad til bygging av idrettshall i Fusa. I brev av 03.07.15 og 01.09.16 gjer Hordaland fylkeskommune greie for at Fusa vidaregåande skule ikkje ønskjer å leige den planlagde kommunale idrettshallen sidan i gymsalen som ligg i deira skulebygg, tilfredstiller skulen sine behov for kroppsøvingsareal.

I brev av 01.09.16 til Fusa kommune skriv Hordaland fylkeskommune at deira søknad om kr 2 mill. i fylkeskommunalt investeringstilskot til bygging av idrettshall vil bli vurdert i handsaminga av fylkesbudsjettet for 2017 med avgjerd i fylkestinget 13.-14. desember 2016.

Hordaland fylkeskommune skriv i brev frå 2013 til Ulvik herad at vi skal bidra med kr 2.5 mill. i investeringstilskot under forutsetnad at Hjeltnes vidaregåande skule vert brukarar av hallen. I samband med handsaminga av skulebruksplanen i fylkestinget 4.-5. oktober 2016 vart det vedteke å leggje ned denne skulen og grunnlaget for løyvinga på kr 2,5 mill. fell bort.

Fylkesrådmannen tilrår at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele kr 2 mill. til Fusa kommune og kr 2 mill. til Ulvik herad som investeringstilskot til bygging av fleirbrukshall.

## **Post 400.420**

### **1. Støtte til regionale aktivitetsarrangement for personar med nedsett funksjonsevne - psykiatri/ rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse.**

Aktivitetane vert planlagt og gjennomført i eit samarbeid mellom ulike aktørar. Kr 400.000 er avsett til psykiatri/ rus og partnerskap for folkehelse i budsjettet. I tillegg vert kr 100.000, som Hordaland fylkeskommune årleg får tilført etter søknad til Helse Bergen, nytta til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Totalt kr 500.000.

Camp Herdla på Askøy er godt forankra i kommunen etter at arrangementet vart gjennomført for fjerde gong i 2016. Arrangementet har eit breitt aktivitetsprogram i ei veke. Dei jobbar særleg med betring av skyss og tilrettelegging for breiare deltaking frå heile regionen.

Det vert arbeidd med utvikling og etablering av nye aktivitetsarrangement for målgruppene. Hordaland fylkeskommune ønskjer å samarbeide med kommunar og andre aktørar for å skape aktivitet med god kvalitet gjennom instruktørar og leiing med god kompetanse og innhald som er med å skape ein aktiv kvardag for deltakarane.

Hordaland idrettskrets arbeider godt og målretta med inkludering av mennesker med nedsett funksjonsevne. Dei har planar om å gå sterkare inn i m.a. Hardangerkommunane i komande år, og tek eit viktig regional ansvar med å prøve å dekke alle kommunane med sitt arbeid. Hordaland fylkeskommune er positiv til å styrke dette arbeidet fram mot Landsturneringa i Bergen i 2018.

I 2016 vart det etablert eit samarbeid med Norges Cykleforbund region vest knytt til sykkelprosjekt for personar innan psykisk helsevern/rus fram mot sykkel VM 2017. Det er ønskjeleg å vidareføre dette arbeidet i 2017.

Fylkesrådmannen tilrår at utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele kr 300.000 til Askøy kommune (kr 50.000), Hordaland idrettskrets (kr 100.000) og Norges Cykleforbund region vest (kr 150.000).

Fylkeskommunen ønskjer i tillegg å initiere 1-2 nye regionale aktivitetsarrangement i andre regionar. Kommunar/regionar og institusjonar vil verte invitert til samrådsmøter for å kartlegge ressursar og interesse. Fylkesrådmannen tilrår å sette av inntil kr 150.000 til dette arbeidet for 2017.

## **2. Konferansar/kompetansetiltak**

Det er avsett kr 158.000 til konferansar/kompetansetiltak ovanfor kommunane og organisasjonar som t.d. dialogkonferanse, nettverkssamlingar og ulike kurs. Kulturdepartementet tildeler årleg, på basis av søknad og rapportering, kr 75.000 til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Såleis er det kr 233.000 til desse tiltaka for 2017. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å disponere desse midlane til føremålet.

Øvrige tilgjengelege midlar på post 400.420 vert nytta til delfinansiering av tiltak for å realisere Regional kulturplan 2015-25, i samarbeid med kommunar og/el frivillige organisasjonar. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse midlane.

**Post 400.450:**

**1. Tilskot til merking og gradering av turløyper**

«Det merkes i heile landet» er eit nasjonalt prosjekt for gradering og merking av turløyper med ein felles skiltmal. Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld er medlem i den nasjonale styringsgruppa.

Prosjektsamarbeidet er vidareført i 2017 og fylkesrådmannen vil i løpet av hausten leggje fram politisk sak om ev. vidareføring.

Det er etablert tilskotsordning der frivillige organisasjonar, kommunar, destinasjonar og større geografiske områder kan søke om støtte til merking og gradering. Søknadsfrist for 2017 er 15. februar, og innan 1. april skal søkar vere underretta om fordelinga. Gjensidigestiftelsen er viktigaste økonomiske bidragsyter i ordninga og dei stiller krav om 50% fylkeskommunal/kommunal eigendel, og forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor.

I Hordaland er det etablert ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og Hordaland fylkeskommune. Søknadane vert vurdert i samheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til fysisk aktivitet, friluftsliv og spelemidlar.

For 2017 er det sett av kr 770.000 i fylkeskommunale midlar og Hordaland er tildelt kr 824.500 frå Gjensidigestiftelsen. Såleis er det kr 1.594.500 til fordeling.

Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til merking og gradering av turløyper i 2017 i samråd med tildelingsgruppa etter gjeldande nasjonale retningsliner.

Fylkesrådmannen legg fram referatsak i mai til Utval for kultur, idrett og regional utvikling om fordelinga av midlar til merking og gradering av turløyper for 2017.